

Verksemd: Osterøy kommune  
Avdeling(ar): Grunnskule  
Intern annonsetittel: Er du ny rektor ved Osterøy ungdomsskule?  
Referansenummer for annonsen:

**Stillingsbeskriving**

Namn på verksemda:	Osterøy kommune	Søknadsfrist:	23.04.2023
Overskrift:	Vi søker rektor til Osterøy ungdomsskule!	Tiltreding:	01.08.2023
Rekrutteringstittel:	Rektor	Arbeidsstad:	Lonevåg
Annonsetekst:			

**Om stillinga:**

Ynskjer du ein spennande og interessant jobb i skulen? Då kan denne jobben vera midt i blinken for deg!

Osterøy er aldri langt unna! Frå Åsane brukar du ein snau halvtime til Lonevåg og frå Arna er du framme på om lag 20 minutt med bil! Og køen går motsatt veg - både til og frå jobb! Om du nyttar Osterøybrua mellom Arna og Kvisti eller ferjesambandet mellom Breistein og Valestrand er opp til deg, her er moglegheitane mange!

Ved Osterøy ungdomsskule har vi ledig 100% stilling som rektor. Osterøy ungdomsskule ligg i Lonevåg som er kommunesenteret i Osterøy kommune. Skulen ligg fint til i nærleiken til eit stort idrettsanlegg, og nærområdet nyttast aktivt til undervisning og ulike aktivitetar. Skulen er den einaste kommunale ungdomsskulen på Osterøy og har eit tett og godt samarbeid med dei 4 kommunale barneskulane. Inneverande skuleår har skulen om lag 270 elevar og 35 tilsette. Leiargruppa består av rektor og 2 avdelingsleiarar.

"Lærelyst og meistring for framtida" er Osterøyskulen sin visjon. Fagforying og Overordna del - verdier og prinsipp for grunnopplæringa, ligg til grunn for dei 3 satsingsområda Osterøyskulen har prioritert for dei neste 3 åra: Framtidsretta læring - Sosial kompetanse og livsmeistring - Profesjonelle medarbeidarar og organisasjonar. Osterøyskulen er Olweus-skule og det skal kjennast igjen i alle ledd.

Dei tilsette ved skulen er dyktige fagpersonar som jobbar for at alle elevar skal oppleve meistring, trivsel og utvikling. Elevane skal møte læringssituasjonar som inviterer til nysgjerrigheit, refleksjon og kritisk tenking. Skulen har fokus på at alle har ansvar for å skape eit godt læringsmiljø for elevane, og eit godt arbeidsmiljø for alle medarbeidarar. Det er ein forventning at rektor leier pedagogisk utvikling i tråd med verdisyn og samfunnsansvar, i tillegg til å ha fokus på å byggje relasjonar til både elevar og personalet på skulen. Du har ein raus leiarstil, er til stades og ser kvar enkelt elev og tilsett som ein ressurs, og er oppteken av lærarane si undervisning og elevane si utvikling og læring.

Vi søker ein rektor som har fokus på å leie profesjonsfellesskapet, og er samlande i prosessane slik at skulen går i same retning. OUS ønskjer ein rektor som er framtidsretta og tydeleg, synleg og relasjonsskapande. Vi søker etter ein rektor som ser verdien av medverknad på alle nivå og står i oppgåvene til dei er fullført. Du er ein pådrivar i skulen sitt pedagogiske utviklingsarbeid og er oppteken av kompetanseutvikling, og leiar personalet i utviklingsprosessar i samsvar med nasjonal og lokalt vedteken politikk.

**Arbeidsoppgåver:**

- Leie og utvikle skulens leiarteam
- Leie det pedagogiske utviklingsarbeidet
- Leie skulens arbeid med læringsmiljøet
- Sikre godt forvaltingsarbeid
- Økonomiansvar
- Overordna personalansvar
- Skape god samanheng og heilskap i organisasjonen, og utvikle skulen som ein lærande organisasjon

**Kompetanse:**

Krav om godkjent pedagogisk utdanning, jf. kap. 14 i Forskrift til opplæringslova.

Tilleggsutdanning innan leing og/eller organisasjonsutvikling er ønskjeleg

Relevant leiarerfaring, fortrinnsvis skuleleiing

Grunnleggjande realkompetanse om offentleg forvaltning og om økonomistyring

Relevant undervisningserfaring

Relevant erfaring frå forvaltingsområdet for ungdomsskule er også ønskjeleg

**Personlege eigenskapar:**

Du:

- Har god kjennskap til oppgåvene skuleleiing inneber
- kan ivareta og vidareutvikle skulens kultur og læringsmiljø med fokus på elevanes læringsutbytte
- kan setje mål og arbeidar systematisk, langsiktig og strategisk
- har gode relasjonelle ferdigheiter og evne til å samarbeide, lytte, rettleie, inspirere og setje grenser
- er fleksibel, løysingsorientert og motivert
- er modig og støttande
- er medviten på å bruke medverking i alle endrings- og utviklingsprosessar
- er tydeleg og synleg ovanfor elevar, tilsette, føresette og nærmiljøet

**Vi tilbyr:**

- Moglegheit for fagleg utvikling i eit godt fagmiljø
- ein jobb som gjer meining, meistring og profesjonelt handlingsrom!
- leiarstøtte
- spennande utfordringar
- løns- og arbeidsvilkår etter gjeldande avtaler og kvalifikasjonar
- gode pensjons - forsikringsordningar

**Anna informasjon:**

Vi gjer merksam på at søkjarlista er offentleg og at ein kan stå på ei offentleg søkjarliste sjølv om ein ber om å verte unnateken offentlegheit.

Søknader skal registrerast elektronisk gjennom vårt rekrutteringssystem EasyCruit.

Vitnemål og attestar som ikkje er lasta opp elektronisk, vil ikkje bli returnert.

Dersom du vert tilsett og tek imot stillinga, må du leggja fram politiattest som ikkje er eldre enn 3 mnd.



**Publiseringskanalar**

Rekrutteringskanal	Start	Slutt
Finn Executive	29.03.2023	23.04.2023
Tilpassa kundekanal	29.03.2023	23.04.2023
Heimeside	29.03.2023	23.04.2023
NAV	29.03.2023	23.04.2023

**Statistikk**

	Totalt	Kvinner	Menn	Ukjent
Tal på søkerar	4	1	3	0
Kjønnsfordeling		25.00 %	75.00 %	0
Snittalder	52.25	57.00	50.67	0

Sist oppdatert: 24. apr. 2023 09:17

**Kandidatar 1**

<b>Namn</b>	<b>Alder</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Bustadkommune</b>	<b>Noverande stilling</b>	<b>Res</b>
Bashir Ahmad	48	Mann		Senior English Teacher	Nei

**Kandidatar 2**

<b>Namn</b>	<b>Alder</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Bustadkommune</b>	<b>Noverande stilling</b>	<b>Res</b>
Ann Kristin Borge	57	Kvinne			Nei

**Kandidatar 3**

<b>Namn</b>	<b>Alder</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Bustadkommune</b>	<b>Noverande stilling</b>	<b>Res</b>
Tom Hatland	58	Mann		Avdelingsleder	

**Kandidatar 4**

<b>Namn</b>	<b>Alder</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Bustadkommune</b>	<b>Noverande stilling</b>	<b>Res</b>
<i>Konfidensielt</i>	<i>Konfidensielt</i>	Mann	<i>Konfidensielt</i>	<i>Konfidensielt</i>	<i>Konfidensielt</i>